

Merknadsskjema – Varsel om planoppstart 20.02 - 21.03.25

Plannamn	Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua – g/bnr. 803/206 m.fl.
Arealplan-ID	2024005690
Saksnummer	24/5690
Utarbeida av	Henning Larsen AS v/DAML
Kontrollert	Henning Larsen AS v/KRJBRG
Sist revidert	03.10.2025

Oppstart av planarbeid ble varsla 20.02.2025 og har vore til høyring med frist til 21.03.2025. Ålesund kommune fekk utvida fristen til 04.04.2025. Det kom inn to private merknader og 11 uttaler til varsel om oppstart. Desse er summert opp under saman med forslagsstillars kommentar til innspela.

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/fråsegn	Forslagsstillars kommentar
PRIVATE			
1	Anders Sandøy G/Bnr. 803/195 18.03.2025 DOK 1	1. Merknaden går ut på eit innspel om å rive brua, og fylle igjen utan å sette opp ny bru. Uttaler meiner at kostnaden og ulempene med å ha ei bru der ikkje utgjør nok samfunnsnytte.	1. Ikkje tatt til følge. Møre og Romsdal fylkeskommune har politisk vedtatt midlar til utbetring av deler av molovegen fv.659 med ny bru. Alternativplasseringar er tidlegare vurdert, og det har gjennom grundige vurderingar vært anbefalt å vidareføre eksistere ande plassering av bru. Det er stilt krav til gjennomstrøyming og ein open båttrafikk i ein 4 m seglingshøgde i tillegg frå offentlege instansar i planarbeidet.
2	Bjørn Lyngstad G/Bnr. 803/246, 27.02.2025	1. Ønsker ein stadfesting at eigedomen hans ikkje er ein del av planen.	1. Tatt til orientering. Den aktuelle eigedommen er utanfor planområdet, og vert ikkje rørt direkte av tiltaket.

HØYRINGSINSTANSAR

1	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal v/Yngvild Meinseth 18.03.2025	Planfagleg: 1. Statsforvaltaren er nøgd med skildringa på planarbeidet, men har nokre punkt på tema Natur og miljøvern Samfunnstryggleik og klimatilpassing. Natur og miljøvern: 2. Statsforvaltaren stiller spørsmål til kva storleik frå sjøbotn og opp till vassoverflata under bru som blir att ved etablering av ny bru og fylling. Årsak til spørsmålet er at dei forutsett at gjennomstrøymingsvolum under brua oppretthaldast som minimum. Samfunnstryggleik og klimatilpassing: 3. Vi gjer merksam på DSB sin rettleiar Havnivåstigning og høge vasstandar Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, som gir råd om korleis ein kan gå fram for å få oversikt over risiko og sårbarheit når det gjeld havnivåstigning og stormflod.	1. Tatt til orientering. 2. Tatt til følge. Vegprosjektet skal ta omsyn til gjennomstrøymingsvolumet under brua. Breidde under brua ivaretaast slik som i dag med 11 m, og krav til seglingshøgde på 4 m og underkant bru. Mellombels fylling skal fjernast så langt det er praktisk mogleg. 3. Tatt til etterretning. Planarbeidet skal ta høgde for samfunnstryggleik og klimatilpassing gjennom ROS-analyse og i fagrapportar for Havnivå og stormflo, og geotekniske vurderinger.
2	Møre og Romsdal Fylkeskommune v/Ingeborg Forseth 19.03.2025	1. Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som sjølv er tiltakshavar, og oppstartsvarsel har vore gjennom intern høyringsprosess. Vi har ikkje ytterlegare merknader til oppstartsvarsel.	1. Tatt til orientering.
3	Statens vegvesen v/Vidar Neraas 24.03.2025	1. Vegstrekninga ligg utanfor tettbygd strøk. Det blei i 2024 fatta eit vedtak om særskilt fartsgrense på strekninga til 50 km/t, der ein argumenterer for vegen sin avvikande utforming og kurvatur. I oppstartsvarslet går det fram at ein skal legge dimensjoneringsklasse Hø2 i N100 til grunn for planlegginga, og løysinga frå tilgrensande reguleringsplan i sør, areal til fiskeriretta næringsverksemd, skal vidareførast. Hø er ein dimensjoneringsklasse som er dimensjonert for fartsgrense 60 km/t, og skal brukast på strekningar der arealdisponeringa eller aktiviteten langs vegen gjer at ein må sette fartsgrensa til 60 km/t. Innanfor den nemnde reguleringsplanen i sør har ein planlagt for eit tosidig utbyggingsmønster og fleire avkøyrslar, men dette er ikkje tilfelle langs moloen vidare nordover mot Finnøya. Sjølv om dette er ein relativt kort strekning, vil ein veg her med god kurvatur kunne innby til høgt fartsnivå. Vi	1. Tatt delvis til følge. Reguleringsplanen legger opp til full utbygging på strekket, med en dimensjoneringsklasse som tilseier 60 km/t. Det er i denne planen lagt opp til to ulike byggetrinn, av omsyn til prosjektmidlar som er avsett til vegprosjektet. Det kritiske i planarbeidet er den dårlege tilstanden til Finnøybrua, som skal rivast, og det må byggjast ny bru. Byggetrinn 1 vil berre legge opp til å bygg ny bru iht vegnormalar, med tilpassingar på vegstrekket i vest og i aust. Byggetrinn 2 omfattar full utbygging av strekket med fortau.

		forutsett at ein ved full utbygging legg opp til fartsgrense i tråd med valt dimensjoneringsklasse slik det går fram av kapittel 11.1.4 i N300. - Vi vil også peike på at nemnde reguleringsplan i sør legg opp til gang- og sykkelveg, og ikkje fortau. Fortau er i utgangspunktet eit gateelement og kan ikkje anleggjast på strekningar med fartsgrense høgare enn 50 km/t. Ovannemnde, og eventuelle fråvik, er forhold som må drøftast og komme tydeleg fram i plandokumenta. - Slik vi oppfattar oppstartsvarslet skal ein ikkje bygge heile vegstrekninga no, men bere brua og løysing for mjuke trafikantar over den. Ein bør i da i reguleringsplanens planbeskriving vise korleis ein tenker å gjennomføre første byggesteg	- Tatt til etterretning. Det er søkt om fråvik frå N101 med krav om rekkverk og rabatt mellom fortau/gang- og sykkelveg og køyrebane på en Hø2 veg etter utbetningsstandard. Grunngevinga for dette er at ein reduserer breidde på ny fylling, og som avbøtande tiltak er det i søknaden vurdert at fartsgrensa på staden blir vidareført. - Tatt til etterretning.
4	Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (NVE) v/Ole-Jakob Sande 17.03.2025	NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov. NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet. Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, https://www.nve.no/arealplanlegging/.	Tatt til følge.
5	Fiskeridirektoratet v/Cecilie Marie Ashamar 21.03.2025	- Fiskeridirektoratet har per i dag ikkje innspel til varsel om oppstart utover dei som følgjer av den generelle rettleiinga på nettsidene våre. - Vidare planprosess Fiskeridirektoratet ber om å verte høyrte når planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vi tek atterhald om at vi då kan ha merknader til planen.	- Tatt til orientering. - Tatt til orientering.

6	Kystverket v/Tormod Hjørungnes Engen 21.03.2025	1. I forkant av planoppstart har regulant og Kystverket i samråd avklåra ein del føringar for reguleringa/tiltaket som vil støtte Kystverket sine omsyn etter hamne- og farvasslova, mellom anna forhold som bruhøgd, seglingsbreidd og naudsynte mellombelse ordningar ved gjennomføringa av reguleringstiltaket. 2. Kystverket har såleis ikkje særskilt meir å føye til oppstarten av planarbeidet, men ber om å verte halden orientert undervegs med føremål om ytterlegare avklåringar av potensielle nautiske problemstillingar som vil kunne melde seg i løpet planprosessen.	1. Tatt til følgje. 2. Tatt til orientering.
7	Mattilsynet v/Per Hallgeir Mørkeseth 18.03.2025	1. Vi har vurdert saken ut ifra hensyn til drikkevann, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmidler. Når det gjelder drikkevann skal tiltaket ikke berøre vannledningen, siden denne ligger lenger øst for tiltaket. 2. Akvakulturanlegg ligger heller ikke i umiddelbar nærhet til tiltaket. Nærmeste anlegg er Sandholmane, nordøst for Orta. Skal det sprenges i sjøen, vil vi oppfordre til at eierne av de nærmeste anleggene får uttale seg i saken. 3. Vi minner om at det ikke er tillatt å spre planteskadegjørere og ugras, som er et område Mattilsynet forvalter.	1. Tatt til orientering. 2. Tatt til orientering. 3. Tatt til følge. Planarbeidet skal ta høgde for avbøtande tiltak i høve til massehandtering av fyllingsmassar for prosjektet i anleggstid i tråd med <i>Forskrift om fremmede organismer</i>.
8	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 21.02.2025	1 Automatisk generert e-post; Det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar. DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som rårar følgjande område: • Verksemdar som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemdar • Transport av farleg gods • Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg	1. Tatt til orientering

		Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta) Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltarens si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.	
9	Ålesund Kommune Kommuneoverlegen v/Olav Mestad 25.03.2025	1. Vi viser til innspill gitt i oppstartsmøtet 22.01.2025. Ut ifra sine ansvarsområder har ikke kommuneoverlegen øvrige innspill til planen på nåværende stadium i prosessen.	1. Tatt til orientering.
10	Ålesund Kommune Vatn og avløp v/Magne Blindheim 19.03.2025	1. Det vises til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for del av Fv. 659 – Finnøybrua. 2. Virksomhet for vann og avløp har gjennomgått planinitiativet og har ingen merknader til saken. 3. Vi viser til referatet fra oppstartsmøtet, hvor det fremgår at hensyn til vann- og avløpsforhold er ivaretatt.	1. Tatt til orientering. 2. Tatt til orientering. 3. Tatt til orientering.
11	Ålesund kommune, kommunedelsutvalget for Sandøy. 24.04.2025	1. Ein universelt utforma fiskeplass på moloen ved brua med parkeringsmoglegheiter. 2. Forholda for dei mjuke trafikantane må vektleggast. Dette er for dårleg i dag. 3. Vegen må vere brei nok til at to store køyretøy kan møtast på brua.	1. Ikkje tatt til følgje. Det vert mogleg å fiske slik som i dag, men det vert ikkje universelt tilrettelagd med parkeringsmoglegheiter. 2. Delvis tatt til følgje. Byggetrinn 1 legg opp til betringar for mjuke trafikantar på brua, mens byggetrinn 2 legg opp til fortau langs strekket innan planområdet. Byggetrinn 2 er ikkje prioritert med midlar frå fylke. 3. Tatt til følgje. Ny bru er i høve til Statens vegvesen sine handbøker, og vegen på brua får minimum 6,5 meter breidde

